

Føresegn om farvassavgift, Ulvik Hamn, Ulvik Herad, Vestland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av Ulvik heradsstyre (dato) i K-sak xxx med heimel i lov 21. juni 2019 nr. 70 om havner og farvann (havne- og farvannsloven) § 36.

§ 1. Føremål

Farvassavgifta skal dekke kommunen sine kostnadar forbunde med utføring av oppgåvene nemnt i hamne- og farvassloven § 36 andre ledd.

§ 2. Verkeområde m.m.

§ 2-1.

Forskrifta gjeld alle fartøy som gjer anløp til offentleg eller privat hamn og anlegg for drift av akvakulturanlegg i sjøområdet til Ulvik herad, jf. hamne- og farvassloven § 36 fyrste ledd. Fartøy og hamn er definert i hamne- og farvassloven § 3, bokstav b) og d).

§ 2-2.

Ulvik herad kan krevje inn farvassavgift og elles stå for handheving av forskrifta.

§ 2-3.

Unnateke frå plikt til å betale farvassavgift er:

- a. Fartøy med største lengde under 15 meter (ikkje målepliktige fartøy)
- b. Isbrytarfartøy i forbindelse ivaretaking av ansvaret for framkomme i hamne- og farvassloven § 6
- c. Bergingsfartøy i samband med berging
- d. Norske og utanlandske orlogsfartøy
- e. Kystverket sine fartøy i samband med arbeid i farvatnet
- f. Fartøy som søker hamn på grunn av skade eller naudstilstand, så lenge fartøyet ikkje lastar, lossar eller tek om bord passasjerar
- g. Fartøy som tilhøyrar politi, brannvesen og Redningsselskapet
- h. Andre fartøy som har oppdrag for Ulvik herad innan kommunen sitt sjøområde.
Fritaket gjeld berre anløp i samband med offentlege oppgåver.

§ 3. Berekningsgrunnlag

§ 3-1.

Farvassavgift vert rekna ut etter fartøyet sin bruttotonnasje (BT), slik det vert rekna ut etter den internasjonale konvensjonen av 23. juni 1969 om måling av fartøy. For fartøy som ikkje har gyldig målebrev, eller ikkje kan legge dette fram ei veke etter førespurt vert bruttotonnasje fastsett av Ulvik herad etter skjønn, til dømes basert på tilsvarande fartøy.

§ 3-2.

Farvassavgift vert berre ilagt ein gong per døgn per skip, sjølv om eit skip gjer fleire anløp innan same døgn. Eit døgn vert rekna som tida frå midnatt til midnatt innan same dato.

§ 3-3.

Fartøy med faste anløp til hamn som har fast kai- eller liggeplass i kommunen sitt sjøområde kan, etter søknad, ileggast ei fast farvassavgift per måned.

§ 4. Farvassavgift

§ 4-1.

Satsane vert fastsett i samsvar med Forskrift om kommunenes beregning og innkreving av farvannsavgift (farvannsavgiftsforskriften), FOR-2019-12-11-1838.

Satsane vert vurdert årleg i samsvar med farvannsavgiftsforskriften § 2.

§ 4-2.

Med unntak av dei nemnt i § 2-3 skal alle fartøy betale farvassavgift etter følgjande sats per døgn:

Sats pr. bruttotonn: Kr. 0,02.

Minsteavgift kr 200,- per anløp.

Sjøfly som landar i heradet sitt sjøområde betalar kr 200,- per anløp til hamn.

§ 5. Opplysningsplikt

§ 5-1.

Fartøy som gjer anløp i hamn i sjøområdet eller som gjer anløp til anlegg for drift av akvakulturanlegg, pliktar å gje Ulvik herad naudsynte opplysningar for utrekning og innkrevjing av farvassavgift, inkludert målebrev og fakturaadresse til reiarlag og eventuell agent.

§ 6. Ansvarsforhold

§ 6-1.

Eigar, reiar og agent svarar solidarisk for krav på farvassavgift, jf. hamne- og farvassloven § 40 fyrste ledd. Eigar og reiar er definert i hamne- og farvassloven § 3 bokstav a) og i). Skuldig farvassavgift er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. hamne- og farvassloven § 41 fyrste ledd. Ved forseinka betaling av farvassavgift svarar ein forseinkingsrente, jf. hamne- og farvasslova § 41 tredje ledd.

§ 6-2.

Krav Ulvik herad har mot reiar er sikra med panterrett i skipet etter reglar om sjøpanterrett i i lov 24. Juni 1994 nr. 39 om sjøfart (sjølova), jf. hamne- og farvasslova § 41.

§ 6-3.

Det er klagerett for einskildvedtak fatta av Ulvik herad i samband med innkrevjing av farvassavgift, jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd, bokstav b). Kystverket er klageinstans, jf. Farvassavgiftsføresegna (føresegn 11. desember 2019 nr. 1838) § 7 og vidare delegering frå departementet.

§ 7. Ikrafttreding

§ 7-1.

Føresegna trer i kraft frå 1. januar 2021.